


Huset

midt i bygda



Ekerhovd bedehus
1914–1989

Føreord

Våren 1988 sette styret for Bedehuset ned eit utval som skulle arbeide med å samle inn opplysningar om huset frå det vart bygd og fram til i dag. Utvalet har hatt ei rekkje møte for å planleggje og bearbeide stoffet. Dessutan har det intervjuet ein del personar som anten har stått sentralt i arbeidet, eller som hugsar noko tilbake i tid.

Desse har vore med i utvalet: Thor Bernhard Tobiassen, Alf Åge Tyssøy og Johann Vannes.

Av skriftlege kjelder har ein nytta møteprotokoll frå den første tid samt rekneskapsprotokollen. Vi har og hatt tilgjenge til ein del skriftlege notat frå byggetida og som no er i privat eige.

Det står sjølvsagt mykje att før ein kan seie at ein har fått inn det materiale ein kunne ønskje, men målet var at dette arbeidet skulle munne ut i eit hefte som skulle vere ferdig til jubileumsfesten 8. oktober 1989.

Bedehuset «Zion» på Ekerhovd si historie

Ekerhovd, Lie og Liaskjæret er tre grender på austsida av Store-Sotra. Først midt på 60 talet fekk dei siste husa på Liaskjæret vegsamband med omverda. Til dess hadde sjøen vore einaste kontaktvegen. Ekerhovd er den største av gardane med omsyn til flatevidde, og tidlegare budde det og flest folk der, og i dag er det kome eit byggefelt på Lie som gjer at denne balansen er noko forrykka.

På Ekerhovd finst eitt av dei eldste bedehusa i Fjell. Gjennom 75 år har det vore eit samlingspunkt for folket i området. Det ligg strategisk plassert om lag midt på Søre Ekerhovd. Ein ser det lett når ein kjem sjøvegen. I dag går bilvegen tett utfor døra. Nokre meiner nok litt for tett slik at det blir uråd å få til noko utbygging av huset og planering av parkeringsareal. Men kvifor ligg huset her og kva for opplevingar har desse trauste veggane vore vitne til? Vi skal freiste å peike på nokre moglege svar.

Bakgrunn

Dei første bedehusa i Nøreg dukka opp midt på 1800 talet. Ulike vekkingar gav mange menneske eit nytt syn på kva det er å vere ein kristen. Det var ikkje lenger nok å vere døypt og gå til nattverd. Spørsmålet om synd vart retta mot den einskilte, og opplevinga av at Jesus kunne tilgi, førte til eit personleg engasjement ut over det dei vanlege gudstenestene gav rom for.

Når alminnelege menneske vart gripne av evangeliet, og livet fekk ein ny samanheng, møtte dei ofte motstand frå presten i soknet. Ja, nokre prestar kunne til og med kjempe hardt mot vekkinga og dei vakte.

Denne konflikten kom etter kvart til å få kvar sine talsmenn som førde striden heilt opp på eit nasjonalt plan. Vi fekk såleis etter kvart ei høgkyrkjeleg og ei lågkyrkjeleg gruppe. Dei høgkyrkjelege ville at embetet og ordninga skulle vere viktige berbejelkar i kyrkja, medan dei lågkyrkjelege ville byggje på dei omvende og aktive kristne. Medan kyrkjeminister Riddervold hadde styringa med Kyrkjedepartementet, sytte han for at dei lågkyrkjelege ikkje fekk gjennom krava sine. Dei tok difor heller til å samle kreftene om det friviljuge organisasjonsarbeidet. Dei første indremisjons og misjonsforeningar dukka opp.

Det var i Ryfylke lekfolket først tok konsekvensane av den motstanden dei møtte og bygde sine egne samlingshus eller bedehus. Utover mot hundreårsskiftet kom det fleire slike og i nye delar av landet. Det er vel rett å seia at bedehusbygginga var med og auka motsetnaden mellom den høgkyrkjelege og den lågkyrkjelege delen av kristenfolket. Det myndige lekfolket voks fram.

Bedehuset på Ekerhovd er òg blitt reist fordi det kom ei vekking til garden, men det er lite som tyder på at det var fordi dei kom i konflikt med presten. Det er likevel vanskeleg å seie noko sikkert om dette ut frå dei kjeldene vi har, men vi kan peike på nokre tilhøve som vi meiner står dette synet.

Den eldste protokollen inneheld ikkje noko om kvifor ein bygde huset, og dei eldste som lever i dag og som minnest så langt tilbake, var så små den gongen at ein ikkje kan vente at dei skal ha lagt merke til slike nyansar. Det ville likevel vore rimeleg å vente at dei hadde høyrte foreldra nemne presten og episodar der han var involvert.

Ser vi så på kven som var aktive leiarar i den første tida, finn vi dessutan at ein av dei også var medhjelpar i kyrkja. Det blir fortald at han ofte gjekk over fjellet til gudsteneste. Det blir vanskeleg å skjønne korleis han kunne halde fram i denne tenesta dersom han og presten hadde så ulikt syn på det kristne arbeidet at det måtte byggjast eit eige hus.

Det er difor meire truleg at vi må søkje etter grunnen i geografi og kommunikasjonar på den tida. I vest reiser fjellet seg opp mot det høgaste punktet på Sotra. Bakom stupar det bratte skrentar og hindrar hyppig kontakt med gardane på vestsida. Nyttevegar fanst nok til utmarka. Det var og råd å kome seg til Fjell der kyrkja låg, men vegen var kronglete og bratt.

I nord kunne ein nok kome seg til Døsjø, men det var tungvint å gå over land. Mot sør stengde «Råkja». Berre mot aust opna sjøen for dei som ville eller måtte ut. Ein drog difor ikkje til Fjell og kyrkja utan at ein hadde eit ærend dit. Det var nok ikkje kvar søndag at folk tok ut for å kome seg til gudsteneste. Men då vekkinga greip tak i hjarta til menn og kvinner her, kjende dei ein trong etter å kome saman om Guds Ord og bøn. Og på denne tida er det blitt så vanleg med bedehus mange andre stader på Vestlandet at tanken om å byggje sjølv har meldt seg.

Det ser elles ut til at vekkinga er komen relativ seint til Sotra. I 1863 vart Bergen Indremisjon skipa, og frå då av og fram mot hundreårsskiftet var denne organisasjonen noko av eit kraftsenter for kristent arbeid på Vestlandet. I 100-års skriftet er det nemnt mange stader i Hordaland som Bergen Indremisjon sende talarar til. Merkeleg nok finn vi ikkje at stader på Sotra er nemnde før hundreårsskiftet. Dette kan kanskje tolkast slik at då vekkinga kom til Ekerhovd, var dette mellom dei første stadane i dette området.

Thomas Henriksen og Nils Olsen, far til Johannes og Ole Johan Ekerhovd, var på fiske, og under landligge i Haugesund kom dei i kontakt med forkynning av evangeliet. Dei «bøygde seg» og kom tilbake til Ekerhovd med ei ny erfaring. Samam med Nils Olsen d.e. var dei drivkreftene i arbeidet med få reist Bedehuset «Zion» på Ekerhovd.

Vi har ikkje greidd å finne det nøyaktige året for den historiske turen på land i Hauge sund, men det kan ha vore kring 1910. Det er lite truleg at ein alt då har byrja å tenke på å bygge eit eige hus. Det er vel først når fleire på garden har funne fram til same tru og overtyding at stovene er blitt for små.

Det kan også vere at tidspunktet var gunstig frå ein økonomisk synsstad. Kring 1915 og 1916 var det gode pengar å tene i fiskeria. Tyskland og seinare Storbritannia betalte høge prisar for å skaffe folket sitt fiskeprodukt. Det kan ha gitt ekstra inntekter til Notlaget og såleis gjort det mogeleg å reise bygget.

Bygginga av Bedehuset tok til våren 1914 og vart fullført i to arbeidsøkter. Ei gjekk føre seg om våren og ei frå august og frametter. Avbrekket kom truleg av at bygningsmennene måtte heim og vere med i slåttan. Innviinga vart halden 18. oktober 1914. Når vi har sett jubileumsdagen til 8. oktober, er det fordi denne datoen finst på veggen mot galleriet og er sett der av målareren då han var ferdig med arbeidet sitt. Då vi måtte ta stilling til kva for ein dato vi skulle innby gjester til, hadde vi berre dette haldepunktet.

Bygget

Det var Olav Rød frå Masfjorden som stod for tømmerarbeidet. Han hadde med seg Nils Ivarsen Askeland og seinare kom det til ein tredje mann. Alt inventar vart arbeidd på plassen, men dører og vindauge vart visst nok henta frå eit tidlegare bankbygg i Bergen. Det same gjeld trappa opp til galleriet.

Bygget kosta kring 3.000 kr. og pengane vart for det meste samla inn på Ekerhovd. Men det kom og gåver frå Bjorøy, Ebbesvik og Lie. Om lag 20 % kom frå Notlaget på Ekerhovd. Tre personer ytte dessutan eit lån på kring 650 kr. Det siste avdraget vart ikkje betalt før i 1944.

Når ein stig innfor døra frå gangen, reiser takkvelvingen seg over rommet og gir ein ei kjensle av å vere ein stad som søkjer mot himmelen. Samstundes set veggene klåre grenser mot verda utanfor. Kraftig, markert tømmer ligg traust og vernar mot påtrengjande inntrykk. Tanken melder seg om at slik har dette huset stått lenge.

Etter kvart legg ein likevel merke til at noko har endra seg. På veggen i sør, stiger fram merke etter ei anna tid. Her har det ein gong vore ein talerstol med trappes-
tegg opp på båe sider. Sjølve stolen kvilte på tre stolpar. Når ein kom opp der, kunne ein sjå utover og ned til dei frammøtte. Det var i tråd med synet den gongen at forkyning av Guds Ord skulle koma ovanfrå. Dei som stilte seg fram, var Guds sendebod. Dei hadde krav på respekt og særleg omsut.

I dag står talarstolen mykje nærare tilhøyrarane. Slik vi finn han i dag, vart han laga av Mons Ellingsen som døydd i 1954.

Dei første stolane fekk ein òg i 1954. Dei er mykje enklare å handtere når ein treng å gjere plass for vasking, eller når ein skal setja opp bord og dekkja til fest. Det første inventaret var trebenkar med ei enkel fjøl som ryggstøtte. Benkar utan noko ryggstøtte vart nytta langs veggane og i gongen når det var mykje folk. Vi har teke vare på eit par av dei gamle benkane.

Til å byrje med var veggane trekvite, men med åra vil slikt trevirke mørkne. I 1954 vart dei olja slik dei er i dag. Den nedste delen er måla brun, og i skiljet finn vi ei bord. Det er E.P. Taranger som har måla henne. Han var målar, men hadde elles ikkje noko tilknytning til bedehusmiljøet. Han har sett initialane sine saman med årstallet.



Detalj frå veggbordene, måla av E.P. Taranger 1914.

Bak talarstolen heng det i dag eit måleri som syner Jesus som står og banker på ei lukka dør utan handtak. Dette biletet er frå 1962. Det er måla av Vilhelm Bjørknes. Det vart skaffa av Konclaget, der Berit på Døjsjø var ei drivkraft i arbeidet med å få tak i biletet.

I aust heng det ei svart plate innramma i ein ramme frå eit gammalt vindaug. Her står det: «Aanden og Bruden siger: Kom! og den som hører det, sige kom! og den som tørster, han komme, og den som vil, han tage Livsens vand uforskyldt!»

Dette er egentleg ei glasplate som er svartmåla. I dei felte der bokstavane er forma, er det ikkje maling. Bak plata er det feste eit ark med blank folie.

Denne plata hadde plassen sin på veggen i sør før måleriet vart hengt opp. Med enkle middel og med stor nøysemd nytta ein det ein hadde til å få eit tenleg «bilete».

På stolpane langs veggen hang det skjold i papp med bibelord på. Det er noko usikkert kva tid desse vart tekne ned.

Til å byrje med hadde ein heller ikkje noko musikkinstrument. Frå mellomkrigstida veit vi at Mons Ellingsen hadde orgel, og at dette vart bore opp i bedehuset i jula. Då kunne det hende at ungdom samlast der og song sjølv om det ikkje var noko arrangement.

I 1943 kjøpte ein så eit husorgel. Det kosta 250 kr. Det vart etter kvart så nedslite at det ville føre med seg for store kostnader å setje det i stand. Ein valte difor å kjøpe eit nytt elektronisk orgel. Dette vart innvigd om hausten 1978. Det kosta kr 12.900 og vart betalt med månadlege rater hos Henrik Eide i Bergen.

I Fjell fekk ein elektrisk straum alt i 1916 då kraftverket i Skålevik vart bygd, og i 1920 så kom det elektrisk ljøs i bedehuset. Det er teke vare på fleire ulike lampar som har vore nytta opp gjennom åra.

I 1959 bygde ein utedoen i bakken ovafor vegen. Men etter 20 år var han så falleferdig at restane vart tekne ned. I mellomtida hadde ein fått ordna med tidsmessige toalett i eit tilbygg til Bedehuset. Reisinga av tilbygget var eit økonomisk løft for ein liten flokk, men med god støtte frå heile krinsen lot det seg gjere. Av dei 114.000 det kosta, kom 45.000 frå gåver, innsamling og basarar. Fylket gav 30.000 og resten vart



Måleriet slik det i dag heng på veggen over talarstolen, måla av Vilhelm Bjørknes.


lånt i Fjell Sparebank. Men lånet skulle òg betalast tilbake med nesten 22.000 i året. Også dette kom i havn med to basarar årleg i tre år.

I det nye tilbygget fekk ein toalett i same plan som kjøkken og sal. Dette var det første av fleire arbeid som vart sette i gong for å gjere huset meir høveleg for vår eiga tid.

Underetasjen hadde ein ikkje konkrete planer for i utgangspunktet. Speidarane tilbød seg å innreide han mot at dei fekk nytte han til arbeidet sitt. Dette sa styret ja til, og rommet er blitt ein tenleg stad både for samkomer og lagring av utstyr.

På 1980 talet er det òg gjort mykje anna for å ruste opp bygningen. Dei enkle vindauge er skifta ut med tolags-glas. Taket er isolert utan at ein har endra profilen. Golvet har fått isolasjon og nytt beleg. Kjøkenet er pussa opp og døra inn til salen er skifta ut med skyvedør. På den måten kan ein lettare nytte ut det vesle arealet ein har til matlagning. Det er òg kjøpt inn ny komfyr. Varmtvassstanken har gjort det lettare å få unna oppvask og golvvask. Frå kjellaren og opp til brønnen er det lagt ned røyr med varmekabel.

Men sjølv om det vi har nemnt her er nyinvesteringar og opprustning, er det mange som har ofra pengar og lagt ned mykje arbeid i vedlikehald gjennom desse 75 åra. Vi veit at Notlaget på Ekerhovd la til side noko av overskotet og gav det til Bedehuset før lotten vart delt. På same vis har andre som driv privat verksemd vore hjelpsame med å skaffe rimeleg maling, materialer o.l..



Eigedomstilhøva

Huset står på eigen grunn, og denne er given av grunneigarane i eit tinglyst gåvebrev.

I lovene står det og at huset eig seg sjølv. Det er ikkje nokon einskild organisasjon som står bak, men banda til Indremisjonen er likevel sterke. Tilsyn og styre er lagt under styret for indremisjonsforeininga. Og om det ikkje skulle finnast folk som er skikka til å ta seg av huset, skal Det Vestlandske Indremisjonsforbund ta over.

Dette er likevel ikkje noko særferenomen for Bedehuset på Ekerhovd. Det same finn vi i fleire lovformuleringar for bedehus på Sotra og andre stader på Vestlandet. Ein har nok først og framst sett på huset som krinsen sitt, men det skulle berre nyttast til «saadan virksomhed som kan fremme Kristentroen og være til folket sande gavn». Formuleringa dreg ei grense for kva ein kan tillate. Det er eit hus ein ikkje kan nytte til kva som helst.

Ikkje alle er samde i styret sitt vedtak om at ein skal betale medlemskapspengar for å vere valbar til styret. Dei ser det slik at det er krinsen som eig huset. Det skal såleis vere ope for alle.

Tilhøvet til ulike organisasjonar

Sjølv om Indremisjonen er nemnt framfor andre organisasjonar, går det tydeleg fram av paragraf 2 at dei som kan bruke huset er «enhver virksomhedsgren der kan henføres til den ydre missions gjerning...og ethvert øiemed der direkte eller indirekte tjener til at vække, styrke og befæste Kristeligt liv iblandt folket i overensstemmelse med Guds ord, saaledes som dette forstaaes af den lutherske kirke».

I tråd med dette, har alle lutherske organisasjonar hatt tilgjenge til å bruke huset og halde møter der. Det viktigaste har ikkje vore kvar ein har medlemskapen sin, men kva ein forkynner.

Lars Johnsen har skrive under lovene framst i den første protokollen. Han må difor ha hatt noko å gjere med grunnleggjinga. Men han tilhørte «Kinamisjonen». I dag heiter denne organisjonen Norsk Luthersk Misjonssamband. Han var ein av dei leiande predikantane der i si tid. Det er interessant at ein slik kjent person er sendt for å vere med på skipinga av foreininga her ute. Kvifor han har fått oppgåva og ikkje ein emissær frå Indremisjonen, veit vi ikkje. Referat frå styremøte i Fjell Indremisjon noko seinare, syner at ein der kunne invitere talarar frå til dømes «Kinamisjonen» til årsmøter og møteveker, men vi har ikkje haldepunkt for å seie om dette var grunnen i 1914 òg.

I alle høve er det blitt skipa ei foreining for Misjonssambandet på Søre Ekerhovd. Ho høgtida 50-års jubileum i 1964, men er seinare gått inn.

Andre talarar frå den første tida var Austdal og Hammersmark, og i alle fall Hammersmark har reist for Indremisjonen. Båe kom frå Jæren. Lars Gjøsæther tilhørte Indremisjonen.


Ser vi vidare på kven som hadde kontaktmenn i grenda, finn vi at både Indremisjonen, Sjømannsmisjonen, Norsk Luthersk misjonssamband (Kinamisjonen), Santalmisjonen, Det norske misjonsselskap (Gamlemisjonen) og Finmarksmisjonen er representerte. Finmarksmisjonen fekk ikkje innpass utan ein viss motstand. Det var

dei som meinte at det kunne vere nok organisasjonar med dei ein alt hadde. Dette understrekar dessutan at grensene mellom organisasjonane ikkje har vore dei same som mellom ulike kyrkjesamfunn. Mange har vore medlem av og arbeidd for fleire ulike misjonar.

Frelsesarmeen byrja tidleg å vitje Ekerhovd som utpost. Dei vart henta i Alvøen med skøyta «Ekerhovd» og frå dei var midtjords, kunne ein høyre hornmusikken spele til dei la til kai ved «Krambua». Musikken nådde ut over heile garden og fekk folk til å samle seg frå alle «krikar og kroker».

Frelsesarmeen har og halde fram med å ha god kontakt med krinsen gjennom speiderarbeidet. Styret for Bedehuset har på si side alltid synt ei positiv haldning til denne verksemda. Det er ikkje alltid speidergruppene kring i landet opplever det slik. Sjølv om dei er knytt til lokale kyrkjelydar av ulikt slag, er det mange som tykkjer at speiderarbeidet ikkje er nokon fullgod arbeidsmåte i kristen samanheng.

Blå Kors hadde og eit lokallag i mellomkrigstida. Dette gjekk ut, men det vart skipa på ny i nyare tid. Og både tidlegare krinssekretær Ingebrigtsen og noverande Iver Høy har vore her med jamne mellomrom.



Teksten er monteret i ei gamal vindusramme.

Ekerhovd – Lie/Liaskjæret

«Bedehuset var Ekerhovdmannen sitt», blir det sagt. Det fortel oss at det var folket på denne garden som stod for arbeidet og hadde leinga. Men til ulike tider finn vi at det kom folk frå fleire andre stader til møtene. Vi veit at dei som budde i Ebbesvik/Gavlen, på Bjorøy og Tyssøy, på Lie og Liaskjæret kunne kome til møtene når det var noko ekstra.

I dag ser vi på Ekerhovd/Lie/Liaskjæret som eitt lokalt område. Tidlegare gjorde dei geografiske tilhøva at folk kjente seg mest knytte til den garden dei budde på og samkvemet var ikkje slik det er i dag. Lie og Liaskjæret hadde ikkje noko godt samband over land med naboane i nord. «Råkja» kunne vere direkte farleg når hauststormane rasa og vinterkulda lukka rennande vatn inn i tjukke isvalkar. Hovudvegen gjekk difor over sjøen, og skulle ein få tak i noko som ein ikkje hadde på garden, hadde ein rett nok «Krambua» på Ekerhovd, men ein måtte helst reise lenger vekk.

Under krigen tok det til å skje ei endring. Vekkinga under Gjøsaeter førte til at fleire reiste nord for å gå på møtene og på ulik vis vart engasjerte i leiande oppgaver sjølv om dei ikkje vart medlemmer i styret.

Som ein parentes kan ein her merke seg at Ole P. Lie vart valt inn i styret for FI alt i 1941. Først i 1954 finn vi han i styret for Bedehuset. Han er den første frå gardane i sør.

Dette vil likevel ikkje seie at det tidlegare ikkje var forkynning av Guds Ord mellom folk i sør. Talarar som kom til Bedehuset hadde som oftast husmøte både på Lie og på Liaskjæret. På Lie var det gjerne i huset der Hans Normann Lie no bur. Den gongen var det Hans Larsen som åtte det. Andre gonger kunne det vere i heimen til Rakel og Hans Lie.

Det vart også halde julefester hjå Hans Larsen.

Det er og kjent at det var ei kvinneforening her frå gammalt av. Det seiast at kvar gong det var samling, tok konene rokken med seg og arbeidde saman heile dagen.

På Liaskjæret kom ein saman i huset til Lars Iversen. Det er det same huset som Henry Lie no har.

Arbeidet i tida 1910 –1989

Det var ikkje alltid møtene i gamle dager vart haldne i bedehuset eller i heimane. Vi har vitnemål om at ein kom saman i lør og andre stader.

Vi kjenner ellers ikkje så mykje til korleis arbeidet tedde seg i den første tida. Men av medlemslistene ser vi at dei fleste på garden Ekerhovd var med. Dei to første som

opplevde at Jesus vart nær og levande, hadde fått mange med seg. For å byggje opp kristentrua og halde ho levande, hadde dei talarar frå ulike organisasjonar på vitjing.

Vi veit heller ikkje noko om kva som rørte seg av tankar og meiningar. Det er ikkje skrivne ned noko som fortel om kva talarane forkynte. Evangeliet om frelse i Jesus Kristus og innbyding til omvendning stod likevel truleg sentralt.

Kor ofte det var møte, veit vi heller ikkje sikkert. Mykje tyder på at det helst var når det kom talarar til garden. Dei hadde så møte på Bedehuset og kanskje også på Lie og Liaskjæret. Frå Fjell Indremisjon veit vi at det vanlege mønsteret var å sende talarar 1–2 veker i året til kvar stad.

Dei ulike organisasjonane hadde kontaktmenn som dei kunne vende seg til når dei sende forkynnarar. Desse sytte for overnatting og kunngjering av møtene. Enno i dag har vi rester etter denne ordninga, men etter kvart som kontaktmennene døydde eller kjende seg for gamle til å halde fram, vart papirer og oppgaver gitt vidare til Mons Foldnes i den tida han var formann. I dag er det difor stort sett styret som får førespurnader og har oversyn over møtene.

Talarane vart løna av den organisasjonen dei reiste for, men det vart og samla inn kollekt der ein viss prosentdel gjekk til drift av huset.

Som alle andre stader har arbeidet på bedehuset hatt både medgang og motgang. I nokre periodar er det mange som har søkt inn for å høyre Guds Ord, medan det til andre tider berre har vore ein trufast liten flokk.

Faksimile frå ei notatbok i privat eige.

1910 – 1920

Medlemslista frå 1915 syner at det var 44 medlemmer dette året. Det tyder at det nok ikkje har vore så mange att som ikkje har vore omvende. Vi kan difor rekne med at arbeidet etter kvart er blitt prega av å ta vare på trua meir enn å vinne nye.

Frå denne tida har vi fått ei lita historie som syner at når kristen tru og haldning får så sterkt gjennomslag, vil det merkast på korleis menneska snakker saman og kva

dei gjer. Nå vil ikkje det seie at alle blir englar og ikkje baktalar kvarandre eller gjer noko som ein ikkje bør gjere. Men det blir viktig å søkje etter Guds tanke og vilje.


Nokre ungar hadde samla seg på lemen i løa til Nils Olsen d.e. Nils såg det og kjende seg ikkje heilt trygg på kva dei kunne finne på. Han lista seg difor opp og kika over kanten. Der inne fekk han sjå ungane sitje heilt i ro og lese i Bibelen og be. Som ungar til alle tider har gjort, leika dei ut det som dei opplevde som nært og verkeleg. Gamle Nils stiltra seg roleg ned att utan å gi seg til kjenne.

1920 – 1930

Kring 1915 var det som nemnt gode tider i fiskeria, men auken i fiskeprisane blei fulgt av ein sterk prisauke på andre varer. Dei siste åra av 1. verdskrigen vart difor ei dyrtid. Det var såleis ikkje så mykje pengar å finne i ein vanleg familie. Det var Notlaget ein måtte lite på.

Men det blei ganske ofte arrangert festar. Det er noko som framleis blir hugsa: «Det var fleire festar før.» Desse ga verdfulle inntekter til drift av huset. Dei gjekk føre seg om søndagane. Då samlast ein til møte klokka 11 og når det var over, fekk ein kaffi og tebrød medan praten gjekk livleg. Dagen vart avslutta med samling i 4–5 tida om ettermiddagen. Det var ingen som gjekk heim i mellomtida. Ein var saman heile dagen.

I 1925 kan vi lese i protokollen til Fjell Indresmisjon at det har gått ei vekkingsbølge langs austsida av Sotra. Ekerhovd er mellom dei stadane som er nemnte og talar var Helge Furnes. No er det gått ti år sidan dei første kom med, og yngre menneske er blitt vaksne. Vi veit ikkje kven som vart omvend i denne vekkinga. Det kan ha vore ungdomar og det kan ha vore ei oppattning av dei som har vore kristne lenge.



J. Kjøbsness



Lars Gjøsæter

1930 – 1940

I mars 1929 var det styremøte i Fjell Indremisjon. Styremedlemene fekk med seg eit visst tal offerposar som dei skulle dele ut i heimokrinsen sin. Her finn vi at Thomas Henriksen fekk 30 stk. Det er det same som Knappskog, men om lag halvparten av det Brattholmen, Kårtveit og Skoge fekk. Samanliknar vi derimot med medlemstalet på Ekerhovd i 1915, er det eit høgt tal. Medlemslista den gongen inneheldt namn på både mann og kone, slik at 30 kan ha vore om lag talet på familier ein har hatt med i 1929. Å seie noko om kva dette tyder i høve til dei andre krinsane, let seg ikkje gjere utan å samanlikne med folketalet på kvar stad.

Kring 1930 kjem det ei ny oppvakningstid. Då reiste det ein predikant som vart kalla pastor Kjøbsness. Han var eigentleg frå Tysfjord i Nordland og hadde vore innom Misjonsforbundet før han drog til USA. Der borte vart han ordinert til pastor i Den lutherske kyrkja og virka ei tid i Chicago. Då han kom tilbake til Noreg, reiste han i fleire år for det Vestlandske Indremisjonsforbund. Han budde alltid hjå Thomas Henriksen. Han bar med seg eit lite «orge!» som han spela på. Han kunne tale varmt og alvorleg, men privat synte han seg som ein ivleg mann og laga i stand mykje moro med borna. Han kunne og tåle ein spøk som då han vart lurt til å ta oppi ein lampe det var overledning i.

Litt uvant var det at Kjøbsness sydde hardangersaum. Tinga han laga vart lodda ut. Han gjekk sjølv ikring på garden og selde lodd, men han fekk og hjelp frå mellom anna ungar. Namna på dei som kjøpte lodd, vart skrivne i ei bok, og trekkinga gjekk føre seg på Bedehuset.

Vi kan og merke oss at i 1933 tok Fjell Indremisjon opp tanken om å få til ein ungdomsaksjon. Det heiter i protokollen frå møtet 30.7.1933: «Det vart vedteke at ein skulde prøve å få i stand ungdomsviker. Møvik og Ekerhovd kunde taka mot ungdomsviker og formannen skulde skrive til nokre av dei større gardane og høyra om det var tru for at ein kunde taka mot dette arbeidet.»

Dette seier ganske mykje om situasjonen på Ekerhovd i høve til mange andre gardar. Her har vore mange unge som har gått på Bedehuset, og det har vore lett å få i gong eigne møter for dei.

Av ordlyden elles frå styremøte i FI ser det ut til at Ekerhovd har hatt eit godt, og sterkt arbeid. Vi finn at Bjørnstad er nemnt som talar i same styremøte. Han skulde då halde møter på innsida av øya om hausten, og i november blir det sagt at han skal til Ekerhovd, Lie og Bjørøy og halde fram der. Det kan tyde på at menneske er blitt omvende under dei første møtene.

1940 – 1950

I 1940 braut krigen ut. Folk vart utrygge og mange søkte å finne noko fast å halde seg til. Men dette er truleg ikkje nok til å grunnngi det som skjedde på Ekerhovd i denne tida.

Nokre meiner at det vart lagt eit grunnlag om sommaren då prostiprest Olav Dybvik hadde ein del møter her. Ein må truleg sjå det heile i eit lengre perspektiv. Av Fjell Indremisjon sin protokoll ser det ut til at vi kan plassere Ekerhovd mellom dei gardane som har hatt noko av det beste arbeidet i perioden før krigen.

Vekkinga braut ikkje ut før om hausten. I oktober kom Lars Gjøsæter til garden. Han tala alvorleg om mellom anna at Jesus skulle kome att. Dette har gjort eit sterkt inntrykk og då kveldsmøtet om søndagen var over, bøygde dei første seg.



Sangkoret ved bedehuset 1941. Biletet er teke under eit haustkurs ved Frekhaug Folkehøgskole. Framme frå venstre: Gudrun Lie, Anna F. Lie, Lars Gjøsæter og dirigenten Ole P. Lie. Midterste rekke: Karia Ekerhovd, Anna f. Lielva, Olga f. Lie, Karoline f. Ekerhovd, Gudrun Ekerhovd, Niels P. Lie, Lars Lie Bakerst: Harald Lie, Hans Lie, Olga f. Lie, Anna f. Ekerhovd, Johan Lie, Ole Ekerhovd, Erling Lie, Erling Ekerhovd, Lars H. Lie.

Gjøsæter drog først vidare til Ebbesvik slik planen var. Nokre av dei nyomvende tok turen over fjorden. Talaren gjorde kjent at det var kome nokre som nyleg var blitt kristne på Ekerhovd. Dei vart oppmoda om å vitne. Dei kjende seg ikkje så høge i hatten, men tok imot utfordringa.

Gjøsæter kom tilbake til Ekerhovd og vart verande der i 9 veker.

Mange kom til tru på Jesus og heldt fram med å gå på bedehuset. Folk kom frå ulike delar av regionen som Bjørøy, Ebbesvik, Kolltveit og sjølv sagt Lie og Liaskjæret. Og det er vel først i denne tida at banda mellom Lie/Liaskjæret og Ekerhovd blir noko sterkare innanfor Bedehuset. Mange der sør engasjerte seg i arbeidet på ein heilt annan måte enn tidlegare.

Til møtene på Ekerhovd kom og nokre jenter som arbeidde på fabrikk i Kolltveit. Dei vart frelste og Gjøsæter drog for å halde møter der nord. Det kunne nok hende at folk – særleg ungdomar – drog til Kolltveit av og til. Gjøsæter kom dessutan tilbake til Ekerhovd utpå vinteren og tala på einskilde samlingar.

Denne vekkinga blir hugsa som den store vekkinga. Kanskje spela det ei rolle at dei som hugsar henne, var midt i ungdomstida si. Men det er ikkje heile forklaringa, for når vi les at ungdomsforeininga i 1941 hadde 60 medlemmer, skjønar vi at dette var ei uvanleg rik tid.


1950 – 1960

I tida etter krigen stilna aktiviteten noko av. Det hadde naturleg samanheng med at mange av dei som kom med under krigen, var unge og skulle til å finne seg arbeid eller skaffe seg utdanning. Det var vanskeleg å kunne bu på ein avsides stad som Ekerhovd/Lie/Liaskjæret var den gongen og samstundes gå på skule. Ein måtte flytte til byen eller endå lenger. Når ein kom heim var det som oftast berre for ei helg. Mange gifte seg dessutan og fekk familie å tenkje på.

Den generelle utviklinga i samfunnet var elles at ein skulle sentralisere og effektivisere. For mange utkantsamfunn ville det seie tilbakegang og forgubbing.

Mons Foldnes kom til garden i 1954 og fortel at mange av pionerane no var borte, og samstundes var det ikkje så mange yngre som gjekkpå Bedehuset. I protokollen for dette året heiter det ein del stader at det var «bra frammøte». No kan «bra» vere eit vanskeleg omgrep å tolke. Det kjem og an på kva ein hadde vorte van med at «god» tilslutning var. Men les vi i åra fram mot tiårskiftet, finn vi oftare at det var dårleg frammøte. Nokre år heiter det og at det ikkje vart valt nytt styre sidan det var så få som møtte fram.

1960 – 1970



Bedehuset slik det såg ut før utbygginga.

I første del av 1960 – talet byrja ei ny karismatisk vekking å gå over landet. Ho tok ulike vegar slik som gjennom Arild Edvardsen og Sarons Dal i Kvinesdal og Åge Samuelson i Maran Ata. Forkynninga var sterkt prega av opprør mot etablerte kyrkjesamfunn og vanekristendom. Møtene kunne ha sterk poengtering av særlege nådegåver som tungetale etc.

Denne forkynninga kom og til Bedehuset på Ekerhovd ved Kåre Ingebrigtsen. Vinteren og våren 1966 hadde han ein del møte her, men og på Vindenes, Angeltveit og i Brattholmen. Nokre tykte han kom med eit frigjerande evangelium og opplevde ein ny dimensjon i livet sitt. Andre var meire kritiske og tykte at forkynninga hadde for sterkt innhald av kritikk mot personar og kyrkjer/organisasjonar. Dei hevda og at når tilhengjarane vitna, kom dei med vitnemål om talaren og ikkje om Jesus.

Under årsmøtet i april blei det valt eit nytt styre med medlemmer som ikkje kunne stø forkynninga til Ingebrigtsen. Dei som hadde funne ein ny dimensjon i livet gjennom dei opplevingar dei hadde hatt, kom i kontakt med ein av leiarane i Tabernaklet

i Bergen. Han kom til å gi dei hjelp både praktisk og åndeleg slik at arbeidet vart samla i pinsemenigheten «Saron» på Straume.

Striden frå denne våren har sett merke i mange. Det var vondt for båe partar at ein vart tvungen til å skilje lag. Verksemda på bedehuset gjekk inn i ei vanskeleg og tung tid.

1970 – 1989

I desse tjue åra har samfunnet på mange måtar vore prega av den motsette utviklinga av det ein såg i 50 og 60. Sentralisering og avfolking vart snudd til tilvekst og ekspansjon. For Fjell kommune vart bygginga av Sotra-brua avgjerande. Kommunen har i heile perioden hatt ein svært høg tilvekstprosent.

Nokre av tilflyttarane har og kome til Ekerhovd/Lie/Liaskjæret. Men etter at byggefeltet på Lie var ferdig utbygd, har det stoppa opp og ein har ikkje hatt den same utvikling som mange andre stader i kommunen.

Bedehuset har ikkje fått det store tilsiget av møtesøkjande. Men nokre nye er det blitt. Vekkingar har det ikkje vore, men det er lagt ned mykje arbeid for å setje huset i meir tidsmessig stand.

Bedehuset har ikkje berre vore nytta til møter. Kring 1963 tek ein til å ha minnesamvær der etter gravferd. Tidlegare hadde ein i alle fall på Lie hatt desse samlingane i heimane etter at ein kom tilbake frå kyrkjegarden. Det var vanleg at gravferda den gongen gjekk frå heimen. Presten kom til garden og hadde seremoni der før kista vart ført til sjøen og teken ombord i ein båt. Deretter drog ein til Døsjø og vidare opp til Fjell. Ein hadde ikkje nokon seremoni i kyrkja, men berre senking av kista.

Etter at kyrkjelydshuset var ferdig i 1972, tok det over denne funksjonen.

Vi har også døme på at Bedehuset har vore i bruk ved høgtiding av fødselsdag og konfirmasjon.

Ulike aktivitetar

Møtene

Eldre menneske fortel at det som oftast vart halde møte når det kom tilreisande talarar. Men om søndagane kunne det vere småmøter der dei eldre vitna. Dei hadde gjerne noko å fortelje om og dei kunne halde det gåande lenge.

Om ettervinteren reiste mange av mennene bort på fiske og det kunne verte lengere mellom møtene. Det var ikkje så lett for kvinner med ansvar for små barn og stell av fjøs å kome seg ut om kveldane i denne tida.

På mange måtar er det dette mønsteret som ligg til grunn for leiinga av Bedehuset i dag og. I styret har ein nå og då drøfta kva ein kan gjere for at andre i bygda enn dei vanlege møtegjengarane skal finne vegen inn. Det har vore uttrykt eit klart ønske om at ein må freiste å nå menneske som ikkje er kjent med Bedehuset og det det står for. Nokre har peika på at ei anna organisering av møtene og eit anna preg kanskje kan vere eit steg i rett lei. I tråd med dette tok ein til med søndagssamlingar. Desse startar tidlegare på søndag ettermiddag enn vanlege møte. Det er servering av kaffe og litt andre innslag enn berre tale og song. Målet er å skape eit sosialt samver der menneske i ulike aldrar kan trivast.

Eit anna tiltak vart sett i verk gjennom Barne- og Ungdomsklubben. Gjennom andakt freistar ein å fortelje barn og ungdom at Jesus finst og at han er aktuell for alle aldrar og til alle tider, men i tillegg til dette får dei unge drive med litt andre aktivitetar.

Gjennom ungdomsarbeidet når ein også dei som ikkje er komne fram til ei overtyding om at Jesus er deira Frelsar. Men diskusjonen om korleis ein skal nå fram til

Frå ei søndagssamling i 1988.



dei vaksne må først vidare og munne ut i nye tiltak, for det er framleis mest vedkjennande kristne som finn vegen til ulike samlingar.

Musikklag

Møteforma var song og vitnemål og tale når det var predikant tilstades. Men på 30-talet vart det skipa eit musikklag. Vi veit ikkje når det skjedde, men det var i gong då krigen braut ut. Ein nytta ulike instrument som gitar og trekkspel.

Songkor

Den nye gløden som vart tent under vekkinga i 1940, førte til at det vart skipa eit songkor. No tok ein til å syngja fleirstemt. Koret vart leia av Ole P. Lie og hadde mange oppgåver også andre stader. Det vart sunge både på Bjorøy, Skogsvåg, Landro, Kolltveit og i Blomsterdalen. Hausten 1941 var så mange av medlemene med på eit ungdomskurs på Frekhaug at koret song under møtene der.

Isak Areklett som budde på Stølen, var aktiv også som skribent. Han hadde fleire innslag i Dagen under signaturen IA. Han har og skrivne songar. Ein av dei vart mykje nytta av koret og vi har teke med teksten her.

*Å for under over under,
til vår grend hev frelsa nått,
for ved Jesu sår og vunder
hev me ungdom sæla fått.
Difor no skal Jesus vera
all vår glede – heil og sæl.
Me hans ungdom til hans æra,
det er songen i vår sjel.*

*Kor:
Ja, så sæl me ungdom kveda
herfrå Ekerhovd og Lie:
Jesus er vår ungdomsglede,
og vår sjel er løyst og fri.*

*Denne glede sælt skal tona
frå vårt hjarta og vår munn:*

*Jesus all vår synd hev sona,
me står frelst på blodets grunn.
Men me fleire med vil vinna
på Guds veg til himmelen.
Kom då alle, lat dykk finna
av vår Frelsar og vår ven.*

*Difor ungdom, Fjell sin ungdom
me til Jesus beda vil.
Kom til Jesus og få fridom,
så skal Herren hjelpa til.
Kom, ja kom – vinn livsens kruna
alle som vil heim til Gud.
Lat oss møtast framfor truna
frelst som Jesu Kristi brud.*

Isak Areklett

Koret hadde øvingar på faste dager. Desse samlingane vart ikkje berre øving. Vel-dig ofte kom det andre som berre ville høyre på, og det vart sagt fram vitnemål slik at det hende at nokre gav seg over og vart frelste.

Tidlegare hadde det vore egne bønemøter midt i veka, men desse vart det slutt med og ein samlast heller når koret hadde øving. Om søndagane var det småmøter der ein vitna og song. Dei gamle kunne alltid vitne om noko, og dei kunne halde på ei stund. Borna skulle alltid vere med.

Barnekor

I nokre år midt på 80-talet vart det drive eit barnekor. Det bar namnet «Barnefryd» og vart leia av Mathias Lie og Svanhild Tobiassen. Koret samla ein god del barn, men ulike årsaker gjorde det vanskeleg å halde fram. Dette koret hadde og ein viss innverknad på dei vaksne. Når koret skulle synge på ei tilstelling, kom ofte ein eller fleire av foreldra og.

IUF

Det at mange unge søkte til møtene under krigen, gjorde at det var trong for egne samlingar for desse. Dei skipa eit ungdomslag i 1940. IUF – «Indremisjonens Ungdomsforening» – der den første formannen var Torvald Lie.

Dette vart ei livskraftig arbeidsform med kring 60 medlemmer. Mange uferdige talent har teke dei første stega sine i offentleg samanheng her. Aktiviteten ga høve til å trene og lære seg å stå framfor ei samling menneske. Nokre laga og avis. Ho vart skriven i ein protokoll og lesen opp under møtene. Innimellom tekststykkene finst det dikt og vakre dekorasjonar. Ho heitte «Ungdomstankar».

Redaktøransvaret gjekk på omgang, og stoffet kunne vere skriva av ulike medlemmer. Nokre forma egne tanker medan andre refererte det dei hadde lese andre stader.

Det var ungdomen sjølv som stod for desse samlingane, men mange av dei gamle kunne møte fram og seie noko. Elles hadde ein mykje song og vitnemål. Etter krigen då mange av dei unge reiste bort, vart det slutt med både songkor og ungdomsforeining.

Andre lag

Det var eit Blå Kors lag i 1920 og -30 åra. Men det vart vanskar med å halde på det då det vart stilt strenge krav til kva som var rusmiddel og såleis ikkje kunne nyttast av kristne. Kamferdråper, Paenaspiller og Rigabalsam var medisin som ein ikkje kunne greie seg utan.

Etter krigen vart det starta eit nytt lag som enno har ein del medlemmer, men aktiviteten har gått tilbake. Talarar frå Blå Kors har vore her med jamne mellomrom heilt til dei siste åra.

Søndagskulen vart starta av Signe Ekerhovd. Han var verksam heilt fram til midt på 80 talet. Då var det så få små ungar att som sokna til Bedehuset at det vart avgjort å stanse inntil vidare.

På 60 talet var det og drive eit yngreslag og ei barneforening. Vi kjenner ikke til kor lenge desse var i gong.

Ei tid midt på 70 talet vart det drive ein ungdomsklubb, men vanskar med leiarar gjorde at aktiviteten vart lagt ned.

Dette arbeidet vart starta opp att i 1985 og er i gong enno.

Ein har hatt samling siste fredag i månaden med alle frå 1. til 5. klasse mellom 17 og 1830. Dei som går i 6. klasse eller høgare, har sitt møte frå 1900 og utover. Frammøte er jamnt godt. Frå hausten 1989 tek ein sikte på å ha tilbod kvar 14. dag.


I 1974 tok Ragnhild Ingebrigtsen til med speidararbeid for jenter. Året etter vart det skipa ei gruppe for gutane. Til å byrje med heldt ein til på Bedehuset, men etter ei tid vart det så mange med at det vart uråd å organisere møtene i berre eitt rom. Derfor tok ein til å leige skulen. Men då det nye speidarlokalet stod ferdig, vart mykje av aktiviteten flytt tilbake og sjølv om speidarane høyrer med til Frelsesarmeen i Bergen, finst det sterke band knytte til Bedehuset.

Eit viktig arbeid har vore gjort av kvinneforeningar. På Ekerhovd har Konelaget arbeidd for å skaffe pengar til Bedehuset. Takka vere desse, har ein kunna setje i gong turvande utbetningsarbeid. Det har vore tanken at pengane skulle nyttast til ekstra tiltak, men mange gonger har ein tydd til Konelaget når det har vore vanskar med å betale straum o.a.

Det opphavlege konelaget har eigentleg lagt ned verksemda si, men det er skipa ei ny Bedehusforening som held fram der dei andre ikkje makta meire.

Andre har samla inn pengar til misjonen. Mor til Ivar Lie starta ei forening på Lia-skjæret som framleis er i gong. Dei arbeidde til å byrje med for Misjonsselskapet medan ein no deler midla mellom Misjonsselskapet og Misjonssambandet. Ein gong om året er det basar. Desse har ein hatt på Bedehuset dei siste åra.

På Lie har ein og ei forening som arbeider for misjonen.



Papirskjold som tidlegare har hange på veggene i bedehuset.

Haldningar

Når ein vart ein kristen, var det sjølvsagt at ein slutta å banne. Alkohol var heller ikkje noko problem for dei som høyrde til i flokken. Men ein fann at det gjekk ei grense ved det som ein rekna som alminneleg medisin.

Dans var og synd, men for dei som ikkje var kristne var det skipa til samlingar i Fjell. Ein flokk kunne nok og samlast kring eit trekkspel eller ein grammofon og danse. Då det skjedde på eit område som var ått av ein av leiarane på Bedehuset, vart det ikkje teke nådig opp. Dei vart jaga derifrå.

Tobakk, derimot, var akseptert. Dei gamle tok seg gjerne ein god «pris» før dei gjekk inn til møtet. Det var visst ikkje spyttbakkar inne, og golvet kunne sjå ut deretter.

Ein hadde og ulike klede til ulik bruk. Nokre hadde eigne kyrkjeklede som berre vart nytta når dei var i kyrkja. I tillegg kunne dei ha søndagsklede og kvardagsklede.

Arbeid skulle ikkje gjerast på søndagar.

For dei som var kristne, var det naturleg å ta med seg Bibelen når dei reiste på fiske. Det kunne vere vanskeleg å ta han fram når dei andre ikkje brydde seg om slikt, men ein fann som regel ei stille kro der ein fekk tid til personleg andakt og bøn. Og når ein kom i land ein eller annan stad, søkte ein til eit møtelokale. Då var det ikkje alltid så nøye kva for ein organisasjon eller kyrkjesamfunn som heldt hus der.

Mange av desse haldningane var almenne og ein del av den oppsedinga dei fleste fekk. Dei galdt ikkje berre her på garden, men utover heile Vestlandet. Vi kan difor

ikkje seie noko om kor stor innverknad Bedehuset har hatt på normsettet i området, men opplysningar tyder likevel på at slike haldningar er blitt styrkt.

Tilhøvet til kyrkja

I 1923 ga Ludvig Hope ut ei bok – «Kyrkja og Guds folk» – der han gjorde greie for kva for eit syn han hadde på kyrkja og dei truande. «Det er mi faste overtyding at gjennom ei statskyrkje som gir rom for eit gudfryktig, radikalt og fritt lekmannsarbeid, ber Guds rike dei beste frukter i Noreg.» Dette synet har hatt stor gjennomslagskraft i vårt område av landet.

Kyrkja med presteskapet har ein viktig plass der det har kontakt med store delar av folket gjennom dåp, konfirmasjon og kristendomsundervisning i skulen. Men det levande kristenlivet finst mellom dei omvende i lekmannsorganisasjonane.

På dette viset vil Bedehuset og kyrkje utfylle kvarandre. Kyrkja har gudstenesta og forvaltning av sakramenta, medan Bedehuset er den staden lekfolket kan kome saman i litt friare former og ikkje kjenne seg bunden av eit fastlagt rituale med nedskrivne bøner.

Det har kome til diskusjon mellom bedehusfolk og kyrkjerepresentantar om korleis ein skal tenkje seg grensene mellom desse organa. Nokre prestar ser for seg kyrkja som ein paraply som samlar dei ulike bedehusflokkane under seg i ein kyrkjelyd, medan mange lekfolk vil gå langt i retning av å kalle bedehusflokkene for ein kyrkjelyd i nytestamentlig tyding.

Denne diskusjonen har vore ganske kvass på ein del stader i Fjell. Vi har til nå ikkje funne sterke restar av det synet på Ekerhovd, men veit for lite om ein del tidsepokar til å seie noko sikkert. I dag er vel situasjonen den at dei som kjem til møtene, gjer det av di dei kjenner ein trong til å kunne samlast ubunden av prest og rådsorgan. Men samstundes er kyrkja og gudstenesta ein naturleg del av kristenlivet. Såleis har og prestane vore inviterte til å tale på ulike samlingar.

I andre krinsar har det og vore ein sterk motsetnad mellom grupper av kristne om synet på kva slag arbeidsformer ein kan tillate i til dømes ungdomsarbeidet. Denne striden resulterte i framveksten av eit eige ungdomsarbeid i kyrkja på Fjell. Då dette arbeidet skaut fart for om lag 20 år sidan, var det mange ungdommar frå krinsen som fann vegen dit. På den tid var det ikkje noko alternativt arbeid på Bedehuset slik at det ikkje vart trong for å diskutere spørsmålet på same måten som andre stader. Ulike meiningar om det som gjekk føre seg i kyrkja, har det nok vore.

Økonomi

Det kosta kring 3.000 kr å setje opp huset. Det høyrest kanskje ikkje så avskrekande ut i dag. Men då skal ein hugse på at dette var om lag 5–6 årsløner i industrien den gongen. Dessutan hadde ikkje folk i dette området så mykje pengar mellom hendene. Det er difor ikkje vanskeleg å seie at dette har vore eit løft som dei tok i flokk, men dei fekk og god hjelp av Notlaget som var på Ekerhovd. Notlaget har gitt om lag 1/5 av byggesummen. Resten vart for det meste samla inn mellom folk i bygda. Tre personar har dessutan ytt eit lån på omlag 650 kr. Det er betalt renter av lånet heilt fram til det var nedbetalt i 1944.

Av byggesummen gjekk kring kr 1.100 til løn medan resten er kostnader til materialer og verktyg.

Alt frå den første tida tok ein inn medlemspengar. Dei fleste betalte 1 kr, men det var og nokre som betalte kr 2 og andre – gjerne familiemedlemmer – som står bokført med kr 0,50. Denne kontingenten finn vi i bruk heilt fram til 1967. Men etter denne tid gjekk ein bort frå å føre lister over kva kvar einiskild betalte. Ein samla i staden inn pengar frå dei som ville gi. Kvar gard er så bokført med ein sum. Ein har greidd å auke inntekta på denne måten frå kr 50–60 til kr 150. Det siste året ein nytta denne metoden, var i 1978 og då kom det inn kr 420.

Medlemspengane har aldri vore nokon avgjerande post på inntektssida. I dei første driftsåra var det nok Notlaget som sytte for at båten bar. Fram til 1920 kom halvparten av inntekta derifrå. Men samstundes arrangerer ein festar som samlar mykje folk og gir pengar i overskot. Kjøp av «festbrød» i Alvøen gir dessutan høve til å ta ut prosentpengar. Dette vart etter kvart ein viktig avtale for Bedehuset. I 1930-åra fekk ein nær på halvparten av inntektene derifrå.

Det er først under andre verdskrigen at kollekt, utlodning og prosentar av kollekt til organisasjonane tek til å bere økonomien. Og dette speglar også utviklinga i samfunnet. Det er først på denne tida at pengeøkonomien slår igjennom i dei alminnelige familiene. Dei hadde til no mykje godt vore avhengige av det garden og fiske gav. Mykje av dei reidskapane dei brukte og klede dei gjekk i, vart tilvirka på garden slik at det ikkje var så mange ting ein trong kjøpe.

Det vil ikkje seie at alminnelige folk ikkje ofra. Det er vel rettare å seie at når dei ofra, merktest det på kistebotnen. I mange år finn vi protokollført ei inntekt under nemninga «Hagepenge». Det har ikkje vore råd å få ei sikker forklaring på kva dette var, men det kan ha vore ein del av dei pengane ein tente på å selje bær på torget i byen. «Torgpenge» er og brukt og kan såleis vere det same, men det kan og vere etter sal av egg.


Det meste av pengane har vore nytta til å halde huset i stand. Med jamne mellomrom måtte det målast og skiftast vindusglas som vart knuste.

Det tek til å bli ein del tre kringom på strekningen, men mykje av dette er av nyare dato. Tidlegare nytta sauene desse områda til beitemark og difor fekk ikkje renningar høve til å vekse opp. Det var såleis lite som kunne nyttast til å varme opp hus med. Bedehuset har heilt frå starten kjøpt ved og kol til slik bruk. Men i 1967 finn vi at det er installert elektriske omnar og kjøp av brensel til vedovnen tek etter kvart slutt. Men utgiftene til straum stig ganske enormt. Oppvarminga kosta kring 500 kr i 1967 og er i dag kome opp i 10.000 for året.

Samanliknar ein med andre bedehus, er det ikkje sikkert tala frå rekneskapsprotokollen er så imponerende. Likevel står det respekt av at ein har greidd å fornye bygget slik det står i dag, med så få medlemmer det er i dag. I tillegg veit vi at det blir sendt ein god del penger til ulike organisasjonar anten dei driv indre eller ytre misjon.

Midt i bygda ?

Bedehuset ligg framleis sentralt plassert. Bilen har teke over som framkomstmidde i staden for båten. Vegen til Liaskjæret gjer det råd å gå i all slags ver om ikkje nokon tek på seg å skyssse. Det spørsmålet som likevel reiser seg, og som blir det viktigste for framtida, er om huset er like sentralt for folket som bur her. Har det noko å seie at det framleis finst her, eller ville dei ikkje leggje merke til det om det forsvann ? Det blir viktig å syte for at vi ikkje sit att med eit kulturminne, men ein stad der menneske søkjer av di dei treng Jesus, Guds Frelse.



Bibelen er kjøpt inn i 1916. Bibelen og ei salmebok kosta då kr. 5,75.

Formenn 1915–1989

1915–1932:	Nils Olsen Ekerhovd d.y.
1932–1935:	Nils Olsen Ekerhovd d.e.
1935–1946:	Thomas Henriksen Ekerhovd
1946–1954:	Mons Ellingsen Ekerhovd
1954–1961:	Ole Johan Ekerhovd
1961–1963:	Karl Lie
1963–1966:	Leonard Ekerhovd
1966–1984:	Mons Foldnes
1984–1989:	Mathias Lie
1989–:	Tore Dyrøy

